

KOMMISJONSVEDTAK**av 7. april 1998****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetningsmiddel(*)****(98/488/EF)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 5, og

ut frå desse synsmåtane:

I medhald av artikkel 5 i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av fellesskapsmiljømerket fastsetjast for kvar produktgruppe.

I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.

Kommisjonen har ved vedtak 93/923/EF⁽²⁾ fastsett miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetningsmiddel som etter artikkel 3 i vedtaket galdt inntil 14. november 1997.

Det bør gjerast eit nytt vedtak der det vert fastsett miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit nytt tidsrom på tre år rekna frå det tidspunktet då dei førre kriteria slutta å gjelde.

Dei kriteria som vart fastsette ved vedtak 94/923/EF, bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga.

Produkta må stette dei føresegnene i nasjonal lovgjeving som er i samsvar med fellesskapskrava til helse, tryggleik og miljø, utan at det rører ved dei fellesskapsforskriftene eller nasjonale forskriftene som gjeld for dei ulike stadia i levetida til produktet.

I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit samrådsforum.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «jordbetningsmiddel» vert definert på følgjande måte:

«Materiale som vert selde som sluttprodukt til bruk i hagen, og som er meinte som tilsetjing i jorda for å betre minst dei fysiske og biologiske eigenskapane hennar utan å skade miljøet.»

Artikkel 2

Den innverknaden som produktgruppa har på miljøet, slik ho er definert i artikkel 1, skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er oppførde i vedlegget.

Artikkel 3

Definisjonen av og dei særskilde miljøkriteria for produktgruppa skal gjelde frå 1. april 1998 til 31. mars 2001.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodennummeret «003» av Kommisjonen.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 7. april 1998.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 219, 7.8.1998, s. 39, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 44/1999 av 26. mars 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(¹) TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1.

(²) TEF L 364 av 31.12.1994, s. 21.

VEDELEGG

MÅLSETJING

For at jordbetningsmiddel skal kunne tildelast miljømerket, må dei stette kriteria og krava i dette vedlegget, som skal fremje

- bruk og/eller attvinning av organisk materiale som stammar frå innsamling og/eller handsaming av avfallsstoff, og såleis medverke til å redusere mengda av fast avfall,
- reduserte miljøskadar og redusert risiko frå tungmetall og næringsstoff i produkt som skal marknadsførast og nyttast som jordbetningsmiddel.

1. Opphavet til produktet

Tildeling av miljømerket kan vere aktuelt berre dersom det organiske materialet i jordbetningsmiddelet er samansett av handsama og/eller attvunne avfall (slik det er definert i direktiv 75/442/EØF om avfall og i vedlegg I til direktivet).

Merk: Uttrykket «organisk materiale» har den vanlege tydinga 'stoff som er samansett av, danna av eller skriv seg frå levande organismar'.

Produkta må ikkje innehalde slam frå reinseanlegg.

Produkt som inneheld materiale av animalsk opphav, skal stette føresegnene i det gjeldande regelverket til Fellesskapet.

MILJØKRITERIUM

2. Jordforringing og vassureining

I sluttprodukta må innhaldet av følgjande grunnstoff vere mindre enn dei verdiane som er oppførde nedanfor, målt i tørrvekt:

Grunnstoff	mg/kg
Zn	300
Cu	100
Ni	50
Cd	1
Pb	100
Hg	1
Cr	100
Mo (*)	2
Se (*)	1, 5
As (*)	10
F (*)	200

(*) Opplysningar om førekomsten av desse grunnstoffa er naudsynte berre for produkt som inneheld industriavfall og fast avfall frå byområde.

Produkta må ikkje innehalde bork som er vorten handsama med lindan, cypermetrin eller promekarb. Dersom produktet inneheld bork, må spor av lindan (γ -HCH) i borken ikkje overstige 0,1 mg/kg.

3. Næringsinnhold

Nitrogeninnholdet i produktet må ikkje overstige 2 % totalt N (tørrstoff).

Ved bruk av den tilrådde mengda av produktet må næringsinnholdet ikkje overstige

- 17 g/m² totalt nitrogen,
- 6 g/m² P₂O₅,
- 12 g/m² K₂O.

Merk: Dette kravet gjeld ikkje for produkt der mindre enn 10 % (masse/masse) av næringsinnholdet er tilgjengeleg for plantevekst i den første bruks sesongen. Slike produkt (t.d. mange tildekkingsmateriale) er definerte ved eit C:N-tilhøve som er større enn 30:1.

ANDRE KRAV

4. Merking

Følgjande opplysningar må gjevast anten på emballasjen til produktet eller på annan måte (t.d. i ein vedlagd brosjyre):

- namnet og adressa til det organet som er ansvarleg for marknadsføringa,
- ein omtale av produkttypen som inneheld uttrykket «jordbetningsmiddel»,
- tilrådde lagringsvilkår, tilrådd siste forbruksdato og produksjonsnummeret til partiet,
- ein omtale av bruksfremålet til produktet og eventuelle avgrensingar i bruken. Det bør forast opp om produktet er eigna for særskilde plantegrupper (t.d. kalksky eller kalkelskande planter),
- dei viktigaste råstoffa (over 10 volumprosent) som produktet er framstilt av, samstundes som det vert gjort skilnad på fast avfall frå byområde, landbruks- eller skogbruksavfall, industriavfall og kommersielt avfall, med oppføring av sektor (næringsmiddelindustri, papirindustri osv.),
- tilrådd bruksmetode og bruksmengde, uttrykt i kilogram eller liter produkt per m² per år; i den tilrådde bruksmengda skal det takast omsyn til innhald og førekomst av næringsstoff, slik at det høgste næringsinnholdet per m² ikkje vert overskride,
- konsentrasjonar av N, P₂O₅ og K₂O,
- konsentrasjonar av organisk materiale,
- ein tabell eller ei liste med konsentrasjonsgrensene for dei tungmetalla som er nemnde i dette vedlegget,
- retningslinjer for sikker handtering og bruk.

5. Produkteigenskapar

Alle produkt må leverast i fast form og innehalde minst 25 vektprosent tørrstoff og minst 20 % organisk materiale (målt ved glødetap). Produkta må ikkje ha ugunstig innverknad på spiringa eller den vidare veksten til plantene.

6. Helse og tryggleik

Innhaldet av viktige sjukdomsframkallande bakteriar må ikkje overstige dei maksimumsverdiane som er oppførde i følgjande tabell:

Friskt materiale	
<i>Salmonella</i> <i>E. coli</i>	Finst ikkje i 25 g < 1 000 MPN(*)/g
(*) MPN: most probable number (mest sannsynlege tal).	

7. Ulempar

Produkta må ikkje gje frå seg vedvarande plagsam lukt etter at dei er tilførde jorda.

Produkta må ikkje innehalde bitar av glas, ståltråd, metall eller hard plast som kan utgjere ein fare for menneskehelsa.

Produkta må ikkje tilføre jorda uakseptable mengder av ugrasfrø eller vegetativt foryngingsmateriale av ugras.

8. Prøvings- og analysemetodar

Prøvings- og analysemetodane for tungmetall skal vere i samsvar med krava i direktiv 86/278/EØF. I mangel av internasjonalt godkjende prøvingsmetodar for fysisk og mikrobiologisk analyse og for andre krav i samband med jordbetringsmiddel, ligg det på medlemsstatane å fastsetje prøvingsmetode.

OPPLYSNINGAR TIL FORBRUKAREN

Opplysningane nedanfor skal vere påførde emballasjen til produktet:

Dette produktet stettar krava til tildeling av fellesskapsmiljømerket, fordi:

- det medverkar til å redusere jord- og vassureining og til å avgrense avfallsmengda gjennom bruk eller attvinning av avfall.